

20/1950.

1. september 1950.

242

til Statistisk Sentralbyrå.

folketeljingane 1900, 1910 og 1920.

Finansdepartementet, Eiendomskontoret, har opplyst til Riksarkivet at det i Kronprinsensgt. 8 er eit ledig kjellarrom som i tilfelle kan nyttast til lager for arkivsaker. Ein har sett på romet. Det er turt, men ikkje brannfritt. Romet er stort nok til at folketeljingane for 1900, 1910 og 1920 kan få plass der når arkivsakene er pakka i kasser. Kassene lyt stuvast så tett saman at arkivsakene vert utilgjengelege. Sidan det ikkje er betre lagerrom å få, lyt ein rå til at romet vert teki i bruk til lager for arkivsaker.

Ein går ut frå at spørsmålet om kassasjon av dei nemnde folketeljingane hermed fell endeleg bort.

Finansdepartementet, Eiendomskontoret, får gjennomslag av dette brevet.

A. St.

M. R.